LINDÅS KOMMUNE
Byggesak

KOPI

Helga Wigestrand Moe og Bjørn Moe
Østre Nordeidbrekka 15
5252 SØREIDGREND

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Anne Lise Molvik | 02.10.2014 |
| Vår: 14/306 - 14/21161 | anne.lise.molvik@lindas.kommune.no | |

# Løyve til tiltak og dispensasjon - etablering av felles avlaupsanlegg for gbnr 62/12 og13, 62/14, 62/24 og 62/27 - Tofting.

**Administrativt vedtak. Saknr: 296/14**

| | |
|---|---|
| **Tiltakshavar:** | Bård Aulin |
| **Ansvarleg søkjar:** | Båtevik Bygg AS |
| **Søknadstype:** | Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1 |

**SAKSUTGREIING:**

**Tiltak**
Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for 4 fritidsbustadar på gbnr 62/12 og 13, gbnr 62/14, gbnr 62/24 og gbnr 62/27. Det skal etablerast nytt utslepp til sjø med felles slamavskiljar.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå punkt 1.1 i bestemmelsane til kommuneplanen, som gjeld krav til utarbeiding av reguleringsplan, og byggjegrensa for funksjonell strandsone.

Det vert elles vist til søknad motteke 25.06.2014.

**Sakshandsamingsfrist**
Det er ikkje lovpålagt frist for handsaming av søknader om dispensasjon frå plan.

**Planstatus**
Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som byggjeområde for fritidsbustadar. Byggjeområdet er omfatta av det generelle kravet om utarbeiding av

reguleringsplan før tiltak etter pbl §§ 20-1 og 20-2 kan godkjennast. Størstedelen av tiltaket ligg også innanfor byggjegrensa for funksjonell strandsone i kommuneplanen. Omsøkte tiltak er følgjeleg avhengig av både dispensasjon frå punkt 1.1 i bestemmelsane til kommuneplanen og byggjegrensa for funksjonell strandsone for å kunne godkjennast.

**Dispensasjon:**
Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

> **Eiendom 62/12-13 med flere**
>
> **Vi planlegger å legge borevann i hyttene 62/12-13, 62/27, og 62/24. I tillegg ønsker eier av 62/14 å ha mulighet til å knytte seg til anlegget ved oppføring av hytte på sin eiendom. Eier av 62/27 ønsker å utbedre sitt avløpsanlegg, og 62/12-13 og 62/14 må ha tillatelse til nytt utslipp. Eier av 62/24 har allerede et godkjent løyve, men ser det som hensiktsmessig at alle de nevnte eiendommene går sammen i felles anlegg som vist på plankart. Tiltaker søker dispensasjon etter plan og bygningsloven (pbl) § 19-1,fra punkt 1.1 i føresegnen til kommuneplanen som gjelder plankrav. I tillegg søkes det dispensasjon etter pbl,§19-1, fra fastsatt byggegrense for funksjonell strandsone i planen, jf plan og bygningslova § 11-6, rettsverknad av kommuneplanen sin arealdel.**
>
> **Begrunnelse**
>
> **Det er ikke kommunal kloakk i område og vi ønsker å samle oss i et felles prosjekt til fordel for alle.**

**Uttale frå anna styresmakt**
Søknaden har vore send på høyring til Bergen og omland havnevesen, Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune.
Bergen og omland havnevesen har i skriv mottatt 18.08.2014 gitt førehandsuttale der dei skriv:

> **Iht. havne- og farvannsloven (hfl.) av 17.04.2009 nr 19 § 32 kan det ikke gis tillatelse til tiltak i strid med vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven uten etter dispensasjon fra vedkommende plan- og bygningsmyndighet.**
>
> **Vi gir imidlertid en forhåndsuttale i saken.**
>
> **Ut fra de opplysninger vi har mottatt kan vi ikke se at tiltaket vil være problematisk etter hfl. Vi gjør oppmerksom på at det er registrert fiskeriinteresser tett opp til det omsøkte området, slik at det må tas forbehold om at en eventuell søknad til BOH må sendes på høring til fiskeridirektoratet.**
>
> **Vi ber om å få oversendt eventuelt dispensasjonsvedtak i saken når dette foreligger- vi vil da ta saken opp til behandling.**

**Nabovarsel**
Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Eigar av gbnr 62/11 har i skriv mottatt 18.06.2014 kome med merknader til søknaden. Dei skriv at dei reint generelt ikkje har merknader til det gjeldande byggje- og anleggsprosjektet, men at dei vil gjera merksam på at vassforsyninga til alle hyttene frå og med deira eigedom og mot Myksvoll kai skjer frå myrdraget/terrengsenkinga langs veg på same strekning. Dei ber om at det ved anleggsverksemd i tilstøtande område og ved etablering av permanente installasjonar i området eller tilstøytande område vert tatt omsyn til vassforsyninga for å unngå forureining eller skade/reduksjon/ekstra drenering på vassforsyninga. I tillegg vert det tatt opp fleire tilhøve av privatrettsleg art. Dei ber om at skrivet også vert registrert på byggjesak på gbnr 62/24 der det allereie er godkjend oppføring av ny hytte, tilkomstveg m.m. og at ansvarleg søkjar vert orientert.

Ansvarleg søkjar har svart på merknaden i skriv mottatt 07.09.2014.

**Plassering**
Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 02.01.2014.

**Vatn og avløp (VA)**
Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve i vedtak datert 02.10.2014.

**Tekniske krav til byggverk**
Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

**VURDERING**

**Dispensasjon**
Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.
For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett.
For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.
Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).
Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.
Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Omsynet bak plankravet er i hovudsak at tiltaket skal vurderast i ein større samanheng slik at det ikkje vert godkjend tiltak som kan vanskeleggjera ei framtidig regulering av området. Området er allereie utbygd med unnatak av eigedomen gbnr 62/14. Tiltaket gjeld etablering/endring av avlaupsanlegg for 4 etablerte hytteeigedomar der gjenståande ubygde eigedom også er med. Omsøkte anlegg vil gje ei oppgradert



KOPI

avlaupsløysing og sikra helsemessig handtering av avlaupsvatnet. Administrasjonen meiner at det er lite hensiktsmessig å krevja utarbeiding av reguleringsplan for omsøkte tiltak då området i stor grad er utbygd og omsøkte avlaupsløysing er i samsvar med dei krav som vert sett for området.

Innanfor byggjegrensa for funksjonell strandsone er det særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre almenne interesser som skal ivaretakast. Området langs sjø er bratt og i stor grad bebygd med naust og tilhøyrande anlegg. Anlegget skal gravast ned og terrenget skal reetablerast. Det er ikkje særskilde friluftsinteresser i området. Etablering av omsøkte tiltak vil etter administrasjonen sitt syn ikkje ha vesentlege negative verknader på arealbruk eller omgjevnader.

Administrasjonen finn etter ei samla vurdering av omsyna verken bak plankravet eller byggjegrensa for funksjonell strandsone, i dette tilfelle, vert vesentleg sett til side. Fordelane ved omsøkte tiltak vert vurdert å vera større enn ulempene. Vilkåra for dispensasjon er oppfylt, jf pbl § 19-2. Dispensasjon vert gitt som omsøkt.

Vedtaket vert i samsvar med gjeldande sakshandsamingsreglar send høyringsinstansane til klagevurdering.

**Plassering**
Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

**Privatrettslege tilhøve**
Bård Aulin står oppført som tiltakshavar. Det er inngått avtale mellom eigarane av gbnr 62/27, gbnr 62/24, gbnr 62/14 og gbnr 62/12-13 om gjensidig rett til å føra kloakkleidningar og anlegg over eigedomane mm. Naudsynte privatrettslege tilhøve synast ivaretatt.

**Nabomerknad**
Nabo har generelt ikkje merknader til det omsøkte tiltak, men tek opp privatrettslege tilhøve knytt til denne saka og tidlegare byggjesaker på eigedomen gbnr 62/24.
Når det gjeld private tilhøve må partane sjølv ordna opp i dette, jf pbl § 21-6.

**Ansvarsrettar og tiltaksklasse**
Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Båtevik Bygg AS**, org.nr. 987733071 , har søkt ansvarsrett som **ansvarleg søkjar (SØK)**.
Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Lindås rør og sanitær AS**, org.nr. 935347920, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO) for rørleggararbeidet.**
Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Båtevik Bygg AS**, org.nr. 987733071, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **utførande for gravearbeidet.**
Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Lindås rør og sanitær AS**, org.nr. 935347920, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **utførande (UTF) for rørleggararbeidet.**
Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.



KOPI

**Vurdering etter naturmangfaldslova**
Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

**VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå punkt 1.1 i bestemmelsane til kommune planen og frå byggjegrensa for funksjonell strandsone for etablering av avlaupsanlegg i samsvar med søknad mottatt 25.06.2014, jf pbl § 11-6.**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for etablering av avlaupsanlegg i samsvar med søknad mottatt 25.06.2014 og på følgjande vilkår:**

1. **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 02.01.2013 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
2. **Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.**
3. **Tiltaket skal utførast i samsvar med utsleppsløyve i vedtak datert 02.10.2014.**
4. **Tiltaket krev løyve etter hamnelova. Naudsynt løyve skal liggja føre før arbeidet tek til.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:**

| FUNKSJON | FØRETAK | ORG.NR. | L/S * | TILT.KL. | ANSVARSOMRÅDE |
|---|---|---|---|---|---|
| SØK | Båtevik Bygg AS | 987733071 | S | 1 | Ansvarleg søkjar |
| PRO | Lindås rør og sanitær AS | 935347920 | S | 1 | Rørleggararbeid |
| UTF | Båtevik Bygg AS | 987733071 | S | 1 | Gravearbeid |
| UTF | Lindås rør og sanitær AS | 935347920 | S | 1 | Rørleggararbeid |

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.
Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.
Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.
Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: [flett inn arkivsak id]

**Ansvar**
Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

**Bortfall av løyve**
Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

**Avfall**
Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

**Ferdigstilling**
Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.
Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.
Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.
Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.
Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

1. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
2. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkjørsle.
3. Avkjørsle til offentleg veg skal vere godkjent av vegstyresmakta.
4. Rekkefølgjekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.
5. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

**GEBYR**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

| Kode | Skildring | Tal | Sum |
|---|---|---|---|
| C.4.1 | Dispensasjon frå byggjegrensa for funksjonell strandsone | 1 | Kr 7 900,- |

| | | | |
|---|---|---|---|
| C.4.1 | Dispensasjon frå bestemmelsane til kommuneplanen, punkt 1.1. (plankrav) (Sett til kr 0 i denne saka då plankravet er vurdert for tiltaket på gbnr 62/24.) | 1 | Kr 0,- |
| C.5.2j | Basisgebyr for andre bygningar, konstruksjonar og anlegg. | 1 | Kr 3 700,- |
| C.5.32 | Søknad om ansvarsrett per føretak med sentral godkjenning | 2 | Kr 2 100,- |
| | Totalt gebyr å betala | | Kr 13 700,- |

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

**Klage**
Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

KOPI

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bård Aulin | Sætervegen 10 C | 5236 | RÅDAL |
| Hordaland Fylkeskommune | Pb 7900 | 5020 | BERGEN |
| Fylkesmannen i Hordland | Pb 7310 | 5020 | BERGEN |
| Gunnar Larsen | Sollien 87a | 5096 | BERGEN |
| Helga Wigestrand Moe og Bjørn Moe | Østre Nordeidbrekka 15 | 5252 | SØREIDGREND |
| Kari Elisabeth O' Sullivan | Langarinden 158 | 5132 | NYBORG |
| Kathrine Båtevik | Steinestøvegen 743 | 5108 | HORDVIK |
| Bergen og omland Havnevesen | Postboks 6040 | 5892 | BERGEN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Båtevik Bygg AS | Steinestøvegen 743 | 5108 | HORDVIK |

# LINDÅS KOMMUNE
Byggesak

KOPI

Helga Wigestrand Moe og Bjørn Moe
Østre Nordeidbrekka 15
5252 SØREIDGREND

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Anne Lise Molvik | 02.10.2014 |
| Vår: 14/306 - 14/21148 | anne.lise.molvik@lindas.kommune.no | |

# Utsleppsløyve for gbnr 62/12 og 13, 62/14, 62/24 og 62/27 - Tofting.

**Administrativt vedtak. Saknr: 294/14**

| | |
|---|---|
| **Tiltakshavar:** | Bård Aulin |
| **Ansvarleg søkjer:** | Båtevik Bygg AS |
| **Type utslepp :** | Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe |
| **Søknadstype:** | Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 |

**SAKSUTGREIING:**

**Tiltak**

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for 4 fritidsbustadar på gbnr 62/12 og 13, gbnr 62/14, gbnr 62/24 og gbnr 62/27. Det skal etablerast nytt utslepp til sjø med felles slamavskiljar.
Utsleppet sin storleik er oppgitt til 20 pe.

Søknaden gjeld etablering av nytt utslepp frå eksisterande hytte på gbnr 62/12,13, endring av gitt utsleppsløyve datert 27.05.2013 for nyleg godkjend hytte på gbnr 62/24, endring av utsleppsløyve for hytte på gbnr 62/27 som hadde eit eldre utsleppsløyve frå 1970-talet og utsleppsløyve for gbnr 62/14 som er ubebygd.

Det vert elles vist til søknad mottatt 25.06.2014.

**Planstatus**



KOPI

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som byggjeområde for fritidsbustadar. Byggjeområdet er omfatta av det generelle kravet om utarbeiding av reguleringsplan før tiltak etter pbl §§ 20-1 og 20-2 kan godkjennast. Størstedelen av tiltaket ligg også innanfor byggjegrensa for funksjonell strandsone i kommuneplanen. Omsøkte tiltak er følgjeleg avhengig av både dispensasjon frå punkt 1.1 i bestemmelsane til kommuneplanen og byggjegrensa for funksjonell strandsone for å kunne godkjennast.
Løyve til dispensasjon er gitt i vedtak datert 02.10.2014.

**Nabovarsel**
Partar og andre som vert råka av utsleppet er varsla og er gjeve høve til å uttale seg innan fire veker frå varsel er sendt, jf. forureiningsforskrifta § 12-4 nr 2.

Eigar av gbnr 62/11 har i skriv mottatt 18.06.2014 kome med merknader til søknaden. Dei skriv at dei reint generelt ikkje har merknader til det gjeldande byggje- og anleggsprosjektet. Men at dei vil gjera merksam på at vassforsyninga til alle hyttene frå og med deira eigedom og mot Myksvoll kai skjer frå myrdraget/terrengsenkinga langs veg på same strekning. Dei ber om at det ved anleggsverksemd i tilstøytande område og ved etablering av permanente installasjonar i området eller tilstøytande område vert tatt omsyn til vassforsyninga for å unngå forureining eller skade/reduksjon/ekstra drenering på vassforsyninga. I tillegg vert det tatt opp fleire tilhøve av privatrettsleg art.
Dei ber elles om at skrivet vert registrert på byggjesak på gbnr 62/24 der det allereie er godkjend oppføring av ny hytte, tilkomstveg m.m. og at ansvarleg søkjar vert orientert.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har svart på merknaden i skriv mottatt 07.09.2014.

**Plassering**
Plassering og utsleppsstad er vist på kart i målestokk 1:100 datert 02.01.2013

**Reinseløysing**
Avlaupet skal reinast i felles slamavskiljar før det vert ført vidare ut i sjø til 20 m djupne.

**Privatrettslege tilhøve**
Eigar av gbnr 62/12,13 er oppført som tiltakshavar. Båtevik Bygg AS er ansvarleg søkjar og har signert søknaden. Det må dokumenterast at ansvarleg søkjar har fullmakt til å signera på vegne av ansvarleg eigar. Det er inngått avtale mellom eigarane av gbnr 62/27, gbnr 62/24, gbnr 62/14 og gbnr 62/12-13 om gjensidig rett til å føra kloakkleidningar og anlegg over eigedomane mm.

**VURDERING**

**Nabomerknad**
Nabo har generelt ikkje merknader til det omsøkte tiltak, men tek opp privatrettslege tilhøve knytt til denne saka og tidlegare byggjesaker på eigedomen gbnr 62/24. Omsøkte avlaupsanlegg ligg lågare plassert i terrenget og vil slik administrasjonen ser det ikkje påverka vassforsyninga til gbnr 62/11 m.fl. Naudsynte omsyn til drikkevasskjelde må likevel takast. Når det gjeld dei private tilhøva som elles er tatt opp må partane sjølv ordna opp i dette, jf pbl § 21-6.

**Plassering**

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen sin vurdering godkjennast i samsvar med kart datert 02.01.2013.

**Reinsekrav**
Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen sin vurdering godkjennast slik den ligg føre.

**Drift og vedlikehald**
Det er eit vilkår at slamtømming skal skje på ordinære vilkår i slamtømmeforskrifta. Dvs maks 100 m frå køyrbar veg og 8 m løftehøgde.

**Godkjenning etter andre lovverk**
Løyve til dispensasjon og etablering av anlegget etter pbl § 20-1 er gitt i vedtak datert 02.10.2014. Plassering av leidning i sjø må godkjennast etter hamnelova før arbeidet kan setjast i verk.

**VEDTAK:**

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for utslepp frå 4 fritidsbustadar, inntil 20 pe, i samsvar med søknad mottatt 18.06.2014 og på følgjande vilkår:**

1. **Avlaupet frå eigedomane skal førast til felles slamavskiljar på 12 m3 før avlaupet vert ført i tett leidning til sjø på 20 m djupne.**
2. **Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømmast i samsvar med vilkåra i forskrift for kommunal slamtømming.**
3. **Det skal betalast årsgebyr for slamtømming i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.**
4. **Det skal dokumenterast at ansvarleg søkjar har fullmakt til å signera på vegne av ansvarleg eigar.**
5. **Dette løyvet erstattar tidlegare gjevne utsleppsløyve for eigedomane gbnr 62/24 og gbnr 62/27.**
6. **Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.**
7. **Eigar av utsleppet er ansvarleg for eventuell forureining frå anlegget, jf forureiningslova § 7.**
8. **Det må liggja føre naudsynt løyve etter hamnelova før arbeidet kan setjast i verk.**

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.
Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ansvar**
Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

**Bortfall av løyve**
Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

**Ferdigstilling**
Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melde i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.
Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.
Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

**Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**
Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.
Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om naudsynt kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

**GEBYR**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

| Kode | Skildring | Tal | Sum |
|---|---|---|---|
| 17.2.3 | Utslepp kalkulert < 50 pe | 1 | Kr 5 300,- |
| | | | |
| | Totalt gebyr å betala | | Kr 5 300,- |

**Klage over gebyr**
Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/306.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bård Aulin | Sætervegen 10 C | 5236 | RÅDAL |
| Gunnar Larsen | Sollien 87a | 5096 | BERGEN |
| Helga Wigestrand Moe og Bjørn Moe | Østre Nordeidbrekka 15 | 5252 | SØREIDGREND |
| Kari Elisabeth O' Sullivan | Langarinden 158 | 5132 | NYBORG |
| Kathrine Båtevik | Steinestøvegen 743 | 5108 | HORDVIK |

KOPI